



Arkivsaknr: 2025/2263-5
Sakshandsamar: Andris Hamre
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Partinemning for representantar som melder seg ut av eit parti

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti som er representert i kommunestyret vert omtala som representantar for det partiet som dei har meldt seg inn i.

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti som ikkje er representert i kommunestyret, eller stilte liste til sist kommuneval, vert omtala som uavhengige representantar for resten av perioden.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksopplysningar

Etter valet i 2023 har totalt seks representantar meldt seg ut av partiet dei sto på liste for ved valdagen. To av representantane har meldt seg ut av Høgre (H). Desse har seinare meldt seg inn i Senterpartiet (Sp). Fire av representantane har kollektivt meldt seg ut av Industri- og næringspartiet (INP). Dei meldte seg samstundes inn i Velferds- og innovasjonspartiet (VIP). VIP er det nye namnet for tidlegare Helsepartiet.

SP stilte liste til kommunevalet i Alver. VIP/Helsepartiet stilte ikkje liste til kommunevalet i Alver kommune.

Alver kommunestyre handsama ein tilsvarande sak i sitt møte 17.12.202, sak PS 170/20. Følgjande vedtak blei fatta mot 15 røyster:

«Representantar som melder seg ut av parti og inn i anna parti som er representert i kommunestyret vert omtala som representant for det partiet ein har meldt seg inn i.

Ein kan ikkje representere parti som ikkje er representert i kommunestyret, representanten er då uavhengig resten av perioden.»

Kommunelova regulerer ikkje nemninga på representantar som skifter eller melder seg ut av eit parti i valperioden. Tidlegare praksis (i Radøy, Meland og Lindås) var i tråd med vedtaket som blei fatta av kommunestyret i Alver i 2020.

Om eit medlem har forfall er det vara frå det partiet eller den partigrupperinga (lista) ein blei vald inn for som blir kalla inn, sjølv om ein har meldt seg inn i eit anna parti, jf kommunelova § 7-10, 1. ledd.

I samband med sakshandsaminga i 2020 var kommunedirektøren i kontakt med KS og fekk følgande svar:

Jeg tenker at dette er en vurdering dere må gjøre i kommunen. Jeg kan ikke se at dette er direkte regulert i loven. Imidlertid er dette representanter som gikk til valg på i et parti, og ble valgt inn på et partiprogram. Ved eventuelle forfall skal varalisten fra deres opprinnelige parti følges, og det kan virke noe forvirrende om de i løpet av perioden skal representere et nytt parti. Det er derfor kanskje mest naturlig å se for seg at de møter som uavhengige denne perioden?

Det er altså opp til kommunestyret sjølv å vurdere kva nemning som skal nyttast for representantar som har meldt seg ut av det partiet dei blei vald inn for. Praksis i andre kommunar er ulik. Nokre kommunestyre har latt representantane melde seg inn i, og representere nytt parti (Også parti som ikkje blei vald inn i/stilte liste til kommunevalet). Andre kommunar nemner desse representantane som «uavhengige».

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren meiner det er opp til kommunestyret å ta stilling til spørsmålet, men med bakgrunn i det relativt ferske vedtaket frå desember 2020 innstiller kommunedirektøren på at dette vedtaket oppretthaldast med følgande ordlyd:

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti som er representert i kommunestyret vert omtala som representantar for det partiet som dei har meldt seg inn i.

Representantar som melder seg ut av eit parti og inn i eit anna parti som ikkje er representert i kommunestyret, eller stilte liste til sist kommuneval, vert omtala som uavhengige representantar for resten av perioden. Vedlegg

- 1 Innmelding i parti
- 2 Innmeldt til SP
- 3 Stadfesting - parti
- 4 Overgang fra INP til VIPartiet

